

# FOLKEHØGSKOLERÅDET

Folkehøgskolane  
Folkehøgskoleorganisasjonane  
Folkehøgskoleblada

Jnr. 2/12/Rundskriv  
FHSR-rundskriv 2/12  
Oslo 9. januar 2012

## Dekking av ekstrautgifter til mat.

Frå tid til anna kjem det elevar med spesielle diettbehov, noko som kan føra til ekstrakostnader for skulen. Staten gir mange av desse elevane støtte gjennom NAV.

”Grunnstønad kan gis til å dekke – helt eller delvis – ekstrautgiftet som er oppstått på grunn av en lidelse etter fastsatte satser uten nærmere dokumentasjon av ekstrautgiftene.” (NAV).

Økonomiutvalet er interessert i å vita korleis skulane løyser utfordringa med dyrare kost til enkeltelevar. På sikt ynskjer ein å koma med ei tilråding slik at praksis kan bli mest mogeleg lik for skulane.

Vi tar med eit konkret tilfelle frå skuleåret 2010-11 for å belysa saka.

Ein elev med cøliaki-diett fekk frå NAV kr 1.800,- per måned (kr 60,- pr. døgn). Skulen gjorde krav på kr 45,- per døger i 185 dagar, dvs. kr 8.325,- for skuleåret. Eleven fekk frå NAV kr 11.100,- Skulen som dømet er henta frå, hadde varsla om ordninga før elevane kom til skulestart.

Vi forstår at skulane handterer ”ekstrautgifter til mat” på ulike måtar. Økonomiutvalet ynskjer å få inn opplysningar frå skulane for kanskje å koma med framlegg til meir lik praksis enn i dag. På denne bakgrunnen ber vi om svar på fylgjande spørsmål/utfordring:

1. Har skulen til vanleg elevar som krev ekstra diett? Ja   Nei
2. Betaler eleven ekstra kostpengar for dette? Nei   
Ja  kr. pr måned: \_\_\_\_\_
3. Utgiftene til spesialdiett ligg inne i kostpengane som alle elevane betaler.   
Nei
4. Spesialdietten gjeld: a) Cøliaki  
b) Annan diagnose: \_\_\_\_\_

Merknader frå skulen:

Namn på skulen: \_\_\_\_\_

Send svaret til: Øystein Sundvoll, 4780 Brekkestø;

Telefon 37 27 63 66 eller 404 07 700

E-post: [o-sundv@online.no](mailto:o-sundv@online.no)

Med helsing for Folkehøgskolerådet

Edgar Fredriksen  
leiar

Odd Arild Netland  
sekretær